

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Fagernes 9. november 2020

Innspel til strategi for folkemusikk og folkedans

Vi viser til brev frå Kulturdepartementet 8. juni 2020 der regjeringa seier dei skal meisle ut ein strategi for folkemusikken og folkedansen i Noreg. Valdresmusea takkar for initiativet og vil med dette peike på problemstillingar og forslag til verkemidlar som vi meiner vil vere relevante for den samla innsatsen på området.

Valdresmusea er det konsoliderte museet for Valdresregionen og driv Valdres Folkemuseum, Bagn Bygdesamling, Bautahaugen Samlinger og Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Folkemusikk, folkedans og folkemusikkinstrument er eitt av tre satsingsområde for Valdresmuseet, og kompetansen her er særleg knytt til desse fagområda. I tillegg til store instrumentsamlingar held landets eldste regionalarkiv for folkemusikk og ein eigen instrumentverkstad til her. Norsk institutt for bunad og folkedrakt er akkreditert NGO i Unesco på drakt- og tekstilområdet.

Museet har sidan 50-talet balansert mellom forankring i det folkekulturelle utøvarfeltet på eine sida – og tilknytning til det profesjonelle museumsfaget på den andre sida. Tidleg såg museet behovet for å legge til rette for opplæring og formidling av instrumenthandverket og utøvande musikk og dans – innfor rammene av den daglege drifta. Gjensidig respekt på tvers av fag- og interessefelt senka slik skilja mellom tradisjonsutøvarane og dei museumsfagleg tilsette.

Valdresmusea gjer vel å ta vare på begge desse faglege tilnærmingane – og har slik ein god og heilskapleg tilnærming til folkemusikken og folkedansen.

Sikre eksisterande miljø

Det har vore mange initiativ på musikk- og dansefeltet dei siste åra. Nokre av dei har vore gode medan andre har tent feltet i mindre grad. Friske ressursar er alltid noko aktørar i eit felt vil etterlyse. Andre gonger er det etablering av nye strukturar som gagnar feltet mest. Aller størst verknad likevel, er det om ein samordnar oppgåver i eit allereie eksisterande miljø.

Folkemusikk- og folkedansfeltet romar ei rekkje veletablerte aktørar, miljø, organiseringar og nøkkelinstitusjonar. Valdresmusea er eit slikt miljø der innsatsen i mange år har omfatta både forskning, formidling – og forvaltning av store samlingar. Museet er ein sosial og inkluderande arena for menneske i alle aldrar og har vist særleg omsorg for dei små kulturuttrykka, til dømes langeleiken. Samhandlinga med andre aktørar har òg vore stor; festivalar, arrangørar, skule og kulturskule, handverkarar, universitet og lag og foreiningar har funne plassen sin her. Og sjølv om folkemusikkarkiva i namnet rettar fokuset på *folkemusikken*, så er også dansekompetansen betydeleg her. Dette er forhold som sikrar heilskapen i arbeidet med ein særskilt sjanger og det

er ei tilnærming som sikrar mangfaldet i ein elles så globalisert og straumlineforma musikk- og underhaldningsindustri.

I arbeidet med å samordne innsatsen på folkemusikk- og folkedansområdet må departementet merke seg desse perspektiva. Eit anna mål med den kommande strategien må vere å senke skilja mellom dei mange forvaltningsområda, anten innsatsen skjer innfor det profesjonelle utøvarfeltet, museum- og arkivsektoren, utdanningsområdet, eller foreiningslivet. Vi vil i det vidare høyringssvaret rette merksemda særleg mot desse område:

Arkiv og fagsystem

Valdresmusea, Opplandsarkivet og Senter for folkemusikk og folkedans har i fleire år uttrykt behov for ein ny digital infrastruktur for folkemusikkarkiva. Fagsystemet Fiol, som blir nytta i dag, er i ferd med å bli fasa ut. Det er Folkemusikens hus i Sverige som eig og driftar dette.

Heilt sidan Fiol vart utvikla på 80-talet har målet vore å sikre eit system som kjem alle arkiva til gode, uavhengig av storleiken på arkivet, den økonomiske evna eller sektortilknytning. Nokre arkiv er som kjent drive som eigne organisasjonar utan tilknytning til sektorar i det heile, medan andre er tilknytt musea, universiteta, foreiningslivet, fylkeskommunane og andre.

I dag er det berre Nasjonalbiblioteket som har vist interesse i å utvikle eit nytt fagsystem. Dette er ei løysing som ikkje er tufta på kommersielle finansieringsløysingar, men som vil gjere det mogleg for alle arkiv i Noreg å ta del i det nye fagsystemet. Kulturdepartementet bør så snart som råd ruste Nasjonalbiblioteket med ressursar og mandat til å sette i gang dette arbeidet.

Vidare er det viktig å stimulere arkiva til fagleg samhandling gjennom tilrettelagte møteplassar og gode nettverk – dette uavhengig av kva slags sektor dei einskilde arkiva måtte tilhøyre. Gitt at Nasjonalbiblioteket får ein nasjonalt ansvar for tilrettelegging av ein digital infrastruktur, bør det nasjonale fagnettverket drivast av Nasjonalbiblioteket saman med Senter for folkemusikk og folkedans. Gjennom det nasjonale museumsnettverket Musikknettverket bør ein òg opne for sterkare samhandling mellom musea og dei musikkmiljøa som står utanfor denne sektoren.

Forskning

Folkemusikk- og folkedanskompetansen sit i mange miljø. Men det er særleg dei musea med folkemusikkarkiv som har vist reell vilje til forskning. Og det er gjennom Norsk Folkemusikklag (NFL) sitt skrift Musikk og tradisjon at denne forskinga i stor grad har vorte publisert og kome mange til del. NFL er norsk sekretariat for ICTM (International Council of Traditional Music) i Unesco og knyter band til eit anerkjent, internasjonalt forskingsmiljø. Banda mellom NFL og museumssektoren har òg sterke, historiske band.

Det har dei siste åra vore usikkerheit rundt finansieringa av Sekretariatet til NFL. Vi oppmodar departementet om å finne varige, finansielle løysingar, som sikrar fortsatt norsk deltaking på dette området. Det er ei nasjonal oppgåve å sikre ei slik finansiering.

For musea gir NFL derfor tilgang til eit lite, men høgt akta forskingsmiljø med forankring til den internasjonale musikkforskinga. Og like meiningsfullt som det vil vere for musea å delta i nettverket av dyktige folkemusikk- og folkedansforskarar, bør også museumsnettverka (særleg nettverk for forskning) senke terskelen for deltaking for relevante miljø *utanfor* musea.

Instrumentbygging og instrumentforvalting

Vi har tidlegare peikt på behovet for eit utdanningsløp for instrumentmakarar – som skal sikre utøvinga av eit levande, gammalt handverk. Vi har òg peikt på behovet for dyktige konservatorar som skal sikre instrumentsamlingane ved musea i Noreg for ettertida.

Noreg treng eit formelt utdanningsløp i instrumentmaking – og musea må vere ein del av denne innretninga. Det finst berre ein handfull profesjonelle instrumentmakarar i Noreg i dag, og det finst berre eitt museum i landet med kompetanse på instrumenthandverket – Valdresmusea. Eit utdanningsløp vil derfor ha behov for trygge nettverk og tilknytning til ulike fagmiljø. Musea er ein ressurs som eit slikt utdanningsløp må stø seg på.

Til fagleg fordjuping for utøvande instrumentmakarar, så vel som for musikarar, songarar og dansarar, vil arbeids- og kunstnarstipend vere av stor betydning. Antalet arbeidsstipend innfor kvota folkekunst er derimot fåe, og departementet bør vurdere å auke dette antalet monaleg.

Vi har òg berre eitt museum i Noreg med kompetanse på konservering av historiske instrument; Ringve Musikkmuseum. Skal vi sikre ei god forvalting av dei mange tusen musikkinstrumenta i norske museum, må vi sikre rekruttering også til dette faget i Noreg.

Stipend og ordningar

Tilskotsordningane er til for å gjere arbeidet med folkemusikk og folkedans rikare, føreseieleg, meir mangfaldig – og for å sikre rekruttering, profesjonalitet og breidde. Det finst allereie fleire ordningar gjennom Norsk kulturråd som sikrar festivalane, arrangørane, plateprodusentane og dei profesjonelle utøvarane. Valdresmusea vil halde fram viktigheita av fleire *kunstnarstipend*. Dette er stipend som sikrar framhald og fordjuping for profesjonelle utøvarar.

Vidare vil vi halde fram behovet for å styrke tilskotsordningane gjennom Norsk senter for folke- musikk og folkedans. Ei styrking av det årlege rammetilskottet til Senteret vil vere av stor verdi.

Beste helsing



Ole Aastad Bråten
Direktør

Elisabeth Kværne
Folkemusikkarkivar